# Norsk språk blir ikkje avliva

**Det har vore to innlegg med overskrifta «Skal norsk språk avlives» i HA. Ole Danbolt d.e. er bekymra fordi stadig fleire bruker engelske songar, mens Per Johan Krogstie er oppteken av at engelsk representerer uønskte marknadskrefter.**



JENS HAUGAN
Førsteamanuensis i norsk

DEBATT

Det er litt ulike vinklingar på dei to innlegga, sjølv om dei har den same overskrifta. Ole Danbolt d.e. gjer det til ein generasjonsskilnad. Ungdommane vel i stadig større grad engelsk musikk istadenfor norsk musikk, og konsekvensen er at mange eldre ikkje skjønner tekstane til songane på fjernsyn, radio, konsertar eller i kyrkja. «På denne måten utelukker man fra fellesskapet alle dem som ikke har så lett for å oppfatte de dype sannheter i engelske tekster», skriv Ole Danbolt d.e.

### Songtekstar

Ein kan nok gå glipp av ein ekstra dimensjon når ein ikkje skjønner utanlandske songtekstar. Men når det gjeld songar, er det som oftast musikken som er det viktigaste elementet, elles hadde ein kanskje heller lese eit dikt når ein ønskte å få fram ein spesiell bodskap. Songar er som regel heller ikkje meint å inngå i ein direkte dialog. Songar kan skape følelsar og fellesskap også utan at ein skjønner teksten. Ofte vil instrumentalmusikk kunne ha den same effekten, eller til og med fungere betre i visse samanhengar.

Eg personleg er sjølvsagt interessert i at ein skal bruke norsk i flest mogleg samanhengar. Men eg ser ingen poeng i å svartmåle situasjonen. Bruken av musikk har meir å gjere med kultur enn med språket, sjølv om også språket er ein del av kulturen. Det Danbolt skriv om, er det vi kallar for «domenetap». Det finst område der angloamerikansk kultur overtek og konkurrerer mot og eventuelt pressar ut norsk kultur. Det er absolutt eit tema ein kan diskutere, men det tyder ikkje nødvendigvis at norsk språk blir «avliva». Det må også seiast at norsk musikk-kultur faktisk har hatt ei veldig bra utvikling dei siste åra, også den norskspråklege. Så, nei, eg trur ikkje at vi kjem til å snakke engelsk og at norsk språk blir avliva, berre fordi vi eventuelt syng engelske songar.

Når det gjeld Per Johan Krogstie sitt innlegg, har det ei meir politisk vinkling. Krogstie skriv at vi «lar oss narre av verdens anglofile krefter som fanger oss med økt kjøpekraft, og i dette materialistiske systemet hører det med at flest mulig skal kunne engelsk». Sjølv om også Krogstie sitt innlegg spør om norsk språk skal avlivast, kjem han sjølv med døme på at dette ikkje er så lett. Når Estland, Latvia og Litauen i dag framleis har sine eigne nasjonalspråk, trass i femti år med russisk okkupasjon der det var forbode å bruke nasjonalspråka på offentlege stader, ser ein jo at ein til og med med svært drastiske tiltak ikkje utan vidare får «avliva» eit nasjonalspråk.

### Angloameriansk

Påverknaden frå angloamerikanske marknadskrefter er absolutt eit tema som ein må ta stilling til. Marknadskreftene kan blant anna føre til domenetap, t.d. ved at ein bruker engelsk istadenfor norsk i oljesektoren og i databransjen. Men det tyder likevel ikkje at norsk språk blir avliva.

Ein har også før hatt sektorspesifikke språk, t.d. tysk i bergverksbransjen. Ein lånte inn mange fagtermar den gongen utan at ein derfor kan seie at norsk språk blei avliva. Ein lånte først og fremst inn ord ein sjølv ikkje hadde frå før; på same måte som ein i dag bruker e-mail, scanner og server og liknande ord frå databransjen. Når det gjeld hansatida, var effekten mykje større. Norsk språk tok opp i seg ei svært stor mengd ord og grammatiske trekk, men likevel blei ikkje norsk avliva. Sjølv ikkje mange hundre år utan eit norsk skriftspråk førde til at norsk døydde ut. Og sjølv om utviklinga av bokmål starta med å ta utgangspunkt i dansk skriftspråk, er det mange nok i dag som oppfattar bokmål som meir norsk enn nynorsk. Men det er ei anna sak.

I dag lever vi i ei internasjonal, globalisert verd. Ein reiser mykje meir enn før, og ein har handelskontaktar i mange fleire land enn før. Kommunikasjon er viktig, og det er viktig med kommunikasjonsmiddel som flest mogleg kan bruke og forstå. Før var det latin som fungerte som «lingua franca» (hjelpespråk) i Europa. I dag er det først og fremst engelsk som har den funksjonen. Ifrå ein idealistisk ståstad hadde det absolutt vore betre og meir rettferdig å bruke esperanto, sidan det er lettare å lære, og det heller ikkje følgjer med nokon kultur eller direkte økonomiske interesser med dette konstruerte språket. Men det er nok svært urealistisk å tenkje seg at heile verda vil velje esperanto som hjelpespråk. Ein treng jo berre å rekne på kva det ville koste å utdanne lærarar i Noreg og få esperanto inn i utdanningssystemet. Esperanto ville nok fort få same status som nynorsk, som mange meiner dei ikkje ha bruk for. Og elevane ville spørje korfor dei skulle lære seg esperanto når dei kan engelsk.

Generelt vil eg seie at det er ein fordel å kunne så mange språk som mogleg. Det fører også til at ein blir meir bevisst på sitt eige språk, og då vil språket leve.



**IDENTITET:** *Språkdebatten har fått opp temperaturen, og det skyldes i stor grad at språk har med identitet å gjøre.* FOTO: SCANPIX

# Post eller kolera?

**Det norske postmarkedet åpnes for fri konkurranse 1. januar 2011, hvis regjeringen og Stortinget velger å følge EUs tredje postdirektiv.**



LARS NILSEN
Kretsleder
Hedmark og Oppland

DEBATT

For befolkning og næringsliv i Hedmark og Oppland blir resultatet dyrere og dårligere posttjenester. Det er helt feil når enkelte politikere og markedsliberalister hevder at posttjenestene blir billigere og bedre i et liberalisert marked.

### Rammer distriktene

Spesielt distriktene vil bli hardt rammet av konsekvensene av å innføre postdirektivet. De vil miste omdeling av post på lørdager og kanskje bare få post annenhver dag – og skal de sende brev må de kanskje betale ti ganger mer enn i dag. Til tross for at våre fylker grenser inn mot hovedstaden der konkurrentene vil "skumme fløten", blir vi likevel veldig langt vekk fra området der våre kunder vil ha et godt tilbud. Vi blir sittende i våre fylker med et dårligere tilbud, og hva vil det gjøre med våre arbeidsplasser vi sårt trenger for å opprettholde vår del av Distrikts-Norge? I ferien snakket jeg med en person i Elgå i nordre del av Hedmark og vedk. så helt klart hvilke negative konsekvenser en innføring av direktivet ville få for dette stedet. Og det som er viktig å vite, er at for eksempel Hamar og Gjøvik vil komme i samme situasjon som Elgå, for i denne diskusjonen er heller ikke disse byene attraktive områder for evt. konkurrenter.

Hele 11 EU-land har allerede fått innvilget utsettelse. I USA er det ikke frikonkurranse i postmarkedet og i Canada har den konservative regjeringen nettopp utredet spørsmålet. Hva kom de fram til? Jo, blant annet at liberalisering av postmarkedet ikke vil gi billigere og bedre posttjenester.

Den globale fagforeningen UNI Global Union har gjennomført en undersøkelse i 13 land som viser at liberaliseringen av posten har gitt svært negative konsekvenser både i Europa og andre deler av verden. UNI krever at EU umiddelbart må stoppe gjennomføringen av det 3. postdirektivet i EU, og at det må starte en reell debatt om liberaliseringen av postsektoren.

### Må utsettes

LO-kongressen sendte et klart signal til regjeringen og spesielt Arbeiderpartiet: Postdirektivet må utsettes, og konsekvensen av å bruke reservasjonsretten må utredes. LO-kongressens enstemmige vedtak var ikke til å misforstå: Nei til dyrere og dårligere posttjenester for folk og næringsliv.

Postkom har nylig gjennomført en meningsmåling som viser at bare 4 % av Norges befolkning mener at postdirektivet bør innføres som planlagt i 2011. Flertallet, 64 %, mener at regjeringen skal legge ned veto mot direktivet. 22 % mener at regjeringen skal utsette implementeringen. Så langt har jeg dessverre ikke registrert noen svar eller synspunkter fra noen av våre listekandidater fra Hedmark og Oppland på tidligere innlegg. Jeg synes det er viktig at de offentliggjør sitt syn, på hva de vil med posttjenestene i våre fylker, og hva de tenker om hva andre lands erfaringer tilsier.

Postkom regner med at vi har en regjering som jobber med oss og ikke mot oss også i denne saken. I første omgang tar vi det for gitt at regjeringen nå vedtar å søke EU/ESA om utsettelse av implementeringen av postdirektivet. I neste omgang må det utredes grundig hva implementeringen vil bety for Norge og hva bruk av reservasjonsretten vil bety for vår tilknytning til EU gjennom EØS-avtalen.

Det er dette vi kaller valget mellom post eller kolera og vi forventer at regjeringen velger post!

**Debatt er siden for debattinnlegg, kronikker, kommentarer og analyser. Innleggene skal være på maksimalt 850 ord.**
**HA forbeholder seg retten til å forkorte.**